



Systrene Nilsen er klare for åpning av Systrene Nilsen.

I morgon skal formannskapet handsama søknaden frå Systrene Nilsen om serverings- og skjenkeløyve og rådmannen går inn for at dei skal få skjenketid fram til klokka 02 for øl og vin inne. og 01 ute på terrassen.

Her syner rådmannen til vedtak i kommunestyret om utvida skjenketid for To Søstre og Restaurant Capri , som har tilsvarande driftskonsept.

Skjenkinga av brennevin stoppar klokka 01 inne og 24 ute.
For øl og vin er det skjenkestart klokka 12 både ute og inne
og for brennevin er det skjenkestart klokka 13 både ute og inne.

Løyvet gjeld for månadane april til og med august og fram til 31. juni 2012. Det gjeld for restaurantlokalet i 1. høgda og tilstøytande konferanserom med 122 sitjeplassar og avskjerma uteområde på terrassen med 35 plassar.

Søknaden var for 140 plassar inne og 60 ute, men rådmannen peikar på at branntilsynet ved tidlegare drift har godkjent 122 og 35 plassar grunna rømningsvegar. Dette blir gjort gjeldande for drifta no, inntil eventuell ny godkjenning frå Branntilsynet ligg føre..Dei har no gjenteke godkjenninga av 122 plassar.

Løyvehavar vert Frøydis Nilsen Mathisen og reservestyrrar Gunnhild Nilsen Hillestad som har teke kunnskapsprøve etter krava i alkohollova og serveringslova. Frøydis har teke kunnskapsprøve etter

alkohollova og etableringsprøve etter serveringslova medan Gunnhild har gjennomført kunnskapsprøve etter alkohollova.

Tiltak og rådgjevingstenesta for vaksne finn å kunne stetta søknaden når løyve vert gjeve etter dei retningslinjer som kommunestyret har vedteke.

Av Ola Matti Mathisen